



Arkivnr: 2017/2665-1

Saksbehandlar: Arne Åsan

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utvalet for opplæring og helse	75/2016	07.09.2016
Fylkesutvalet		30.03.2017

### Organisering av framtidig tannhelsetilbod i Etne kommune (Hordaland) og i Vindafjord kommune (Rogaland)

#### Samandrag

Fylkestinget vedtok i møte 8. mars 2016 «Klinikksstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 – 2030». I vedtaket pkt 4 a står det «Fylkestannlegane i Hordaland og Rogaland samarbeider med ei samordning av tannhelsetilboden i området Etne kommune/Vindafjord kommune (Rogaland). Dette vil bli fremma som ei eige sak i løpet av 2016».

Denne saka er handsama av OPLH den 07.09.2016 – sak 75/2016. Saka har vore fremma for fylkesutvalet to gonger tidlegare – og fylkesutvalet har begge gonger vedteke å utsetta saka. Siste gong var i fylkesutvalsmøte 22.10.2016 – sak 248/2017.

For å sikre rekruttering spesielt av tannlege er det heilt avgjerande å etablere eit større fagmiljø i området. Dette vil bli gjort ved å legga ned dei fire små tannklinikane i området (Skånevik, Etne, Ølen og Sandeid) for å bygga ein felles, ny tannklinik som skal gi eit tannhelsetilbod til innbyggjarar i Etne kommune (Hordaland) og Vindafjord kommune (Rogaland).

Med utgangspunkt i befolkningsstrukturen i området foreslår fylkesrådmannen at ny, felles tannklinik blir lokalisert til Ølen. Fylkestannlegen i Rogaland har tilbod om eigna areal for bygging av ny tannklinik i Ølen som kan stå klar til bruk i 2018. Klinikken vil få eit godt fagmiljø med 6 behandlingsrom, og vil ha kapasitet til å gje eit tannhelsetilbod til alle prioriterte pasientar i Etne kommune og i Vindafjord kommune.

#### Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune samarbeider om å etablere ein ny tannklinik i Ølen. Tannklinikken skal ha kapasitet til å gje eit tannhelsetilbod til alle prioriterte pasientar i Etne kommune og i Vindafjord kommune.
2. Etne tannklinik og Skånevik tannklinik vert nedlagde når den nye tannklinikken er klar til å tas i bruk.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå nødvendige leige- og driftsavtalar i samarbeid med Rogaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Arne Åsan  
fylkestannlege

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 14.03.2017**

Fylkestinget vedtok i møte 8. mars 2016 «Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 – 2030». I vedtaket pkt 4 a står det «Fylkestannlegane i Hordaland og Rogaland samarbeider med ei samordning av tannhelsetilbodet i området Etne kommune/Vindafjord kommune (Rogaland). Dette vil bli fremma som ei eige sak i løpet av 2016».

### **Lov om tannhelseteneste:**

Det er lov om tannhelseteneste som definerer kva for grupper som har rett på tannhelsetilbod i den offentlege tannhelsetenesta. Det er såleis inga prinsipielle forskjellar i det tannhelsetilbodet som blir gitt i dei to kommunane – sjølv om dei tilhører to ulike fylkeskommunar.

### **Tannhelsetilbodet i Etne kommune:**

Tannhelsetilbodet til prioriterte pasientgrupper i Etne kommune blir gitt på to tannklinikkar – Etne tannklinik og Skånevik tannklinik.

På Etne tannklinik arbeider ein tannlege (100%-stilling), ein tannpleiar (80%-stilling) og ein tannhelsesekretær (100%-stilling). Klinikken har to behandlingsrom. Tannhelsepersonellet ambulerer til Skånevik tannklinik ein dag kvar 14 dag for å gje eit tilbod til dei prioriterte pasientgruppene som er busett i Skånevik. Skånevik tannklinik har 2 behandlingsrom som er fullt utrusta. På Skånevik tannklinik brukast utstyret 2 dagar pr månad.

Totalt tal pasientar i dei prioriterte gruppene i Etne kommune er 1300. Fordelinga mellom dei to tannklinikkane er at 1010 pasientar tilhører Etne tannklinik og 290 pasientar tilhører Skånevik tannklinik.

### **Manglande stabilitet på tannlegebemanning – fagleg miljø:**

Tannhelsetilbodet i Etne kommune har dei siste 2,5 åra vore eit typisk eksempel på kor sårbart eit lite fagmiljø er. Sidan tidlig på 1980-talet – og fram til 2014 – har Etne kommune hatt ei svært stabil tannlegedekning. Dette fordi tannlegen som i 1980 fekk stilling i tannhelsetenesta i Hordaland busette seg i Skånevik, kjøpte seg småbruk og blei buande der. I 2014 vart vedkomande sjuk, og det viste seg raskt vanskelig å få vikar.

Frå 2014 stod vikariatet i lang tid ubemannet, og tannlegar frå Stord tannklinik reiste til Etne nokre dagar pr månad for å oppretthalda eit visst tannhelsetilbod der. Frå hausten 2015 til våren 2016 var det tilsett vikar som vekependla frå Kristiansand.

Frå og med august 2016 blei det tilsett ein ung, nyutdanna tannlege i fast stilling i Etne. Vedkomande sa opp stillinga etter om lag  $\frac{1}{2}$  år, og er nå flytta frå Etne. Etne tannklinik har for tida ingen tannlege tilsett, og tannlegar frå Stord tannklinik må igjen ambulera for å gi eit minimumstilbod til dei prioriterte pasientgruppene i Etne.

For både å rekruttera – og også å stabilisera – ein tannlege i fast stilling er det heilt avgjerande å få etablert eit større fagmiljø som vedkomande kan gå inn som ein del av. Ein felles tannklinik med 6 behandlingsrom som gir eit tannhelsetilbod både til innbyggjarar i Etne kommune og i Vindafjord kommune vil utgjera eit slikt fagmiljø. Dei tilsette på Etne tannklinik ønskjer sterkt ei slik løysing.

### **Tannhelsetilbodet i Vindafjord kommune:**

Det er tannhelsetenesta i Rogaland som har ansvaret for tannhelsetilbodet i Vindafjord kommune. Tilboden er organisert med ein tannklinik i Ølen og ein tannklinik i Sandeid. I den vedtekne klinikkstrukturplanen for Rogaland skal Ølen tannklinik og Sandeid tannklinik samlokalisera i ein ny tannklinik i Ølen.

### **Framtidig tannhelsetilbod for både Etne kommune (Hordaland) og Vindafjord kommune (Rogaland):**

Fylkestannlegen hadde 27. september 2016 møte med Etne kommune om framtidig organisering av tannhelsetilbodet i Etne. Etne kommune opplyste då om planer for å etablere eit nytt helsecenter i Etne, og dette nye helsecenteret kunne vera aktuell som eigna lokalisering av ny tannklinik for både Etne og

Vindafjord. Etne kommune opplyste at bygging av dette helsecenteret ville truleg starta hausten 2018, og stå ferdig hausten 2019.

Fylkestannlegen i Hordaland har i brev til fylkestannlegen i Rogaland datert 27.01.2017 kome med framlegg om ei lokalisering av ny felles tannklinikks i Etne. Saka har vore handsama i styret for tannhelsetenesta i Rogaland den 14.02.2017. Sjå to vedlegg. I svarbrev frå fylkestannlegen i Rogaland står det at «styret er positiv til et samarbeid med Hordaland fylkeskommune om en felles tannklinikks under forutsetning at klinikken etableres i Ølen, av hensyn til antall pasienter som vil tilhøre en ny klinikks og reiseveien for pasientene».

Fylkestannlegen i Rogaland har tilbod om å leiga eit eigna areal til ny tannklinikks i Ølen. Arealet er stort nok til å kunna bygga ein ny funksjonell tannklinikks med 6 behandlingsrom. Den nye tannklinikken vil då ha kapasitet til å gje eit tannhelsetilbod til alle prioriterte pasientar i dei to kommunane.

Ein tannklinikks med seks behandlingsrom vil gje eit større og mykje betre fagmiljø enn det dei eksisterande 4 småklinikkkane gir. Eit større fagmiljø gjer og at det er lettare å rekruttera og stabilisera tannhelsepersonell.

Tannpleiar vil framleis besøka sjukeheimen i Skånevik for å vurdera kven som treng time hos tannlege. Pasientar busett i Skånevik kan og – om dei ønskjer – få sitt tannhelsetilbod på Husnes tannklinikks eller på Stord tannklinikks.

**Befolkningsgrunnlag og reiseavstandar:**

i Vindafjord kommune er det om lag 8800 innbyggjarar, og i Etne kommune er det om lag 4100 innbyggjarar.

Avstanden mellom dei to komunesentra er 12 km.

Etne – Ølen                    12 km

Skånevik – Ølen                38 km